

Mitt ferietips landet rundt



No får lokale-, regionale- og nasjonale reiselivsannonsører ein ny og spennande mediekanal: rundt 40 lokalaviser går saman om å vise fram attraktive reisemål og kulturaktivitetar i sommar.

Har du lyst til å marknadsføre deg i ein truverdig mediekanal, for å få fleire gjester i sommar? Då bør du nytte høvet no! 40 lokalaviser går saman om å gi lesarane og annonsørane ei ny reiselivspakke:

Lokalavisene trykker små tekstar og bilde frå ulike delar av Norge. Dette reiselivsstoffet fordeler vi over fleire **avissider** og truleg i fire-fem omgangar frå midten av mai og utover i juni/juli.

Saman med avisartiklane sel vi **annonse plass** for lokale-, regionale og nasjonale annonsører. Dei lokale annonsene blir trykt i di lokalavis – etter avtale og vilkår som du gjer direkte med avisa di.

Éin utvald generalannonsør/-sponsor i kvart lokalavisdistrikt kan også kjøpe ein modul 16-annonse (71 mm høg x 248 mm/6 spalter brei) som blir trykt i nesten alle avisene som er med på reiselivssamarbeidet.* Vegleiande pris er 50 000 kroner eks. mva. Inkludert i denne pakken får generalannonsøren/-sponsoren også logoen sin på slutten av ein videosnutt som blir publisert i **nettutgåvene** til alle avisene.

I tillegg til små artiklar og bilde i papirutgåvene, legg vi ut éin **videosnutt** frå kvar avis som er med i reiselivssamarbeidet. Også desse videosnuttane skal inspirere folk til å vitje ditt distrikt.

Alle 40 videoene blir samla på vår felles nettside www.landet-rundt.no. Denne nettsida skal vi fremja gjennom **sosiale medier**.

Spør også lokalavisa di om vanleg nettannonsering i vår og sommar. Etter alt å døme er det mange som vil bli betre kjend med eigen kommune og region i mai, juni og juli.

Dei 40 lokalavisene som er med på *Mitt ferietips landet rundt* er truverdige og leiande mediekanalar i 70 kommunar i ulike landsdeler. Avisene sitt samla opplag er 120 000, det betyr at vi truleg har rundt 300 000 lesarar!

Ta kontakt med lokalavisa di for meir informasjon. Sjå også **www.landet-rundt.no**

* **Mitt ferietips landet rundt** er eit samarbeid mellom lokalavisa di, Landslaget for lokalaviser (LLA) og Lokalavissamkjøringa landet rundt AS. 39 aviser er med på reiselivssamarbeidet per 5. mai 2020. To av avisene har ikkje papirutgåver, og avisa Klar Tale har ikkje annonsar. Det kan i mai bli nokre mindre justeringar i antall aviser som er med i reiselivssamarbeidet.



Deltakende aviser i reiselivskampanjen

Oppdatert 5. mai 2020

